

# Oversikt over næringsareal i Kvinnherad kommune



*Ordfører Synnøve Solbakken kan tilby næringsareal mange stader i kommunen.*

Kommunen har i denne faldaren sett opp ei oversikt over næringsareal der arealbruken er avklara i kommuneplanen. Det er vidare teke med ein del opplysningar om status, dvs. grad av tilrettelegging, eigartilhøve, areal osv.

# Næringsareal

Oversikta er meint som informasjon til nyetablerarar og eksisterande bedrifter som treng nytt areal. Sidan det over tid vil skje endringar med omsyn til status for dei ulike areala, har kommunen som mål å ha ei ajourført oversikt på heimesida.

Kommunen har som mål å tilretteleggja for næringsetablering og er difor interessert i tilbakemeldingar om trong for næringsareal. Dei områda som er aktuelle pr. juni 2008 er plotta inn på oversiktskartet.



## **Lyhammar, Ølve**

Industriareal i tilknytning til Umoe Schat Harding. Arealbruken er avklara i kommuneplan frå 1989. Areallet må utvidast i samband med ny kommunedelplan som er under utarbeiding.

## **Veravågen, Hatlestrand.**

Industriareal mellom sjøen og riksvegen på nordsida av Veravågen. Arealbruken er avklara i kommuneplan frå 1989. Privat eige. Areallet må justerast i samband med ny kommunedelplan som er under utarbeiding.

## **Evjepollen, Varaldsøy.**

Industriareal sør for ferjekaien. Arealbruken er avklara i kommuneplan frå 1989. Privat eige. Areallet må justerast i samband med ny kommunedelplan som er under utarbeiding.

## **Nerhus, Austrepollen.**

Areal på nordsida av utløpet til Austrepollselva. Næringsareal (N-03) i kommunedelplanen for Mauranger-området. 18 da. Privat eige. Tilrettelagt med vatn og avløp (tidlegare nytta til brakkerigg i samband med bygging av Folgefonntunnelen).

## **Sundal.**

Areal vest for skulen.

Næringsareal (N-02) i kommunedelplanen for Mauranger-området. 10 da. Privat eige.

## **Årsnes.**

Totalt 50 da på nordsida av planlagt ferjekai er regulert til næringsføremål. Ca 19 da er planert. Norsafe AS har opsjon på arealet. Kommunal eige.

## **Løfall.**

Areal på sørsida av ferjekaien. Næringsareal (N-01) i kommunedelplan for Rosendal-området. Ca 4 da. Privat eige. Areallet må sjåast i samanheng med omdisponering av ferjekaien etter flytting av denne til Årsnes.

## **Ullvarefabrikken, Rosendal.**

Areal nord for Ullvarefabrikken. Næringsareal (N-03) i kommunedelplan for Rosendal-området. Ca 9 da. Privat eige. Sidan Ullvarefabrikken er godkjent omdisponert til bustadføremål, må utnytting av N-03 ta omsyn til dette.

## **Skålafjæro.**

Rosendal sentrum. Ny reguleringsplan godkjent. Privat eige.

## **Sandviklia, Dimmelsvik.**

Areal på oppsida av riksvegen. Næringsareal

(N-06) i kommunedelplan for Rosendal-området. Ca 60 da. Privat eige. Arbeid med reguleringsplan for masseuttak og næringsområde er i gang. Aktuelt å tilretteleggja næringsområdet i eit samarbeid mellom kommunen og private.

## **Børnes, Uskedalen.**

Vist som næringsareal i kommunedelplan for Rosendal-området. Kommunal eige. Tidlegare godkjent reguleringsplan må reviderast.

## **Husnes industriområde.**

Areal mellom Sørøl og riksvegen. Arealbruk avklara i kommunedelplan for Husnes-området (N-01). Vel 200 da. Privat eige. Planar om kolkraftverk i nordre del.

## **Ved Sørøl.**

Areal mellom båthamna og Sørøl-kaien. Sørøl er eigar. Ca 50 da. Aktuelt å tilretteleggja i eit samarbeid mellom kommunen og Sørøl.

## **Husnes Næringspark.**

Regulert næringsområde knytt til Husnes sentrum. Ni større tomter er tildelte. Vidare utviding på kommunalt område skal vurderast nærare i stadanalyse for Husnes-området.

## **Bogsnes, Husnes.**

Regulert næringsområde. Forslag om omregulering til bustad- og næringsområde. Dette skal vurdrast nærare i stadanalyse for Husnes-området.

## **Opsangervågen, Sunde.**

Aktuelt å utvida eksisterande næringsområde oppover mot veggen. Reguleringsplan under utarbeiding. Privat eige.

## **Ranavik, Halsnøy.**

Areal mellom riksvegen og sjøen sør for ferjekaien. Avklara i kommunedelplanen frå 1992 og ligg inne i forslaget til ny kommunedelplan (N-17). Privat eige. Ca 8 da.

## **Hillestad, Høylandsbygd.**

Godkjent reguleringsplan for «hotelltomta». Privat eige. Ca 14 da.

## **Landamarka, Halsnøy.**

Godkjent reguleringsplan. Kommunal eige. Sunnhordland Cruisehavn AS har opsjon på deler av arealet.

## **Sydnes, Halsnøy.**

Areal sør for ferjekaien. Avklara i kommunedelplanen frå 1992 og ligg inne i forslaget til ny kommunedelplan.




Gje oss tilbakemeldingar om trong for næringsareal. Slike tilbakemeldingar vil vera nyttige i samband med prioritering av tilretteleggingsarbeidet, t.d. kva område det er størst interesse for.

**Ta kontakt med:**

ordfører Synnøve Solbakken  
eller eigedomskonsulent Jarle Fossheim  
Rådhuset, 5470 Rosendal  
Telefon: 53 48 31 00  
E-post: [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)

**Du kan òg kontakte:**

dagleg leiar i Kvinnherad Næringservice,  
Karin Thauland  
Postboks 154, 5480 Husnes  
Tlf: 53 47 02 70  
E-post: [post@naeringservice.no](mailto:post@naeringservice.no)



**Kvinnherad kommune**

Rådhuset, 5470 Rosendal  
Telefon: 53 48 31 00  
E-post: [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no)  
[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)